



Steffan Vike
Gutenbergsveien 12
5034 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2829 - 22/80986

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
26.10.2022

Orientering om vedtak om tvangsmulkt - gbnr 219/1 Vike

Viser til vårt brev datert 14.04.2021 om bossbrenning på din eigedom med gbnr 219/1 Vike. Viser også til førehandsvarsel om pålegg om opprydding og ilegging av tvangsmulkt, datert 23.06.2021. I varselet fekk du frist til 30.09.2021 med å dokumentere at området er rydda.

Alver kommune har ikkje motteke svar frå deg på nokon av breva vi har sendt.

Vi viser til førehandsvarselet sendt 23.06.2021 (sjå vedlegg) og informerer no at dersom vi ikkje får ei tilbakemelding frå deg innan fristen nedanfor, vil det bli fatta vedtak om tvangsmulkt.

Tvangsmulkta vil bestå av ei eingongsmulkt på kr. **10 000** og ei løpande dagmulkt på kr. **200**. Kravet vil bli oversendt statens innkrevingsentral med verknad frå den **15.01.2023**. Dette er heimla i forureiningslova § 73.

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. Det kan til dømes vere at du meiner opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre forholdet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Kva kan du gjere for å unngå tvangsmulkt

1. Du må fjerne aske og andre rester etter bossbrenninga som medfører forureining eller forsøpling
2. Sende oss ei skriftleg tilbakemelding med opplysningar om at du har rydda opp, samt bilete dokumentasjon.

Frist for opprydding og innsending av dokumentasjon er sett til **15.12.2022**.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningsloven §§ 78 og 79.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Førehandsvarsel om pålegg om opprydding og ilegging tvangsmulkt - gbnr 219/1 Vike

Mottakarar:

Steffan Vike

Gutenbergsveien 12

5034

Bergen